



Vedteke av kommunestyret
24.09.2020



Kommunal planstrategi 2020-2024

Innhald

1. Utviklingstrekk og utfordringar for Stryn kommune.....	3
1.1. Folketalsutvikling og demografi	3
1.2. Folkehelse og levekår	5
1.3. Klimaendring og omstilling.....	7
2. Overordna føringar	8
2.1. FNs berekraftsmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging	8
2.2. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023	8
2.3. Regional planstrategi.....	9
3. Føremålet med kommunal planstrategi	10
3.1. Plan og bygningslova	10
3.2. Prosess.....	10
3.3. Planressursar	11
3.4. Plansystemet	11
3.5. Omgrep.....	12
4. Evaluering av planar.....	13
4.1. Kommuneplanen sin samfunnsdel	13
4.2. Samfunnssikkerhet og beredskap	13
4.3. Kommuneplanen sin arealdel/Geografiske kommunedelplanar	14
4.4. Regionale arealplanar.....	16
4.5. Tematiske kommunedelplanar.....	17
4.6. Områdereguleringplanar og detaljreguleringplanar	20
5. Prioriterte planoppgåver 2020-2024	25

1. Utviklingstrekk og utfordringar for Stryn kommune

Planstrategien skal klargjere Stryn kommune sitt planbehov for ei ønska utvikling i samsvar med kommunen sine strategiske mål og visjonar.

Utviklingstrekk og utfordringar som Strynesamfunnet står overfor skal vere utgangspunktet for det planarbeidet som skal prioriterast for 2020-2024.

1.1. Folketalsutvikling og demografi

Folketalsutviklinga

Vekst i befolkninga er avgjerande for kommunen sitt inntektsgrunnlag og tilgang på arbeidskraft. Ein annan viktig faktor som befolkningsutviklinga synleggjer, er behovet for tenester retta inn mot innbyggjarane i framtida. Vi har dei siste åra opplevd ei utflating og nedgang i folketalet. Dette skuldast i hovudsak mindre innvandring, då særleg arbeidsinnvandring, og busetjing av flyktningar.




Fig. 1 Folketalsutviklinga frå 2000 til 2020 for Stryn kommune – Kjelde: SSB

Ved utgangen av 2019 var folketalet på 7130, ein nedgang med 65 personar frå toppåret 2017.

Å legge til rette for positiv folketalutvikling vil bety å legge til rette for at dei som bur i Stryn kan leve gode liv, og gjere det enkelt for nye innbyggjarar å velje å flytte til Stryn. Dette vil krevje innsats frå kommunen, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar.

Framskrivning av folketalet

I følge framskrivne tal for folkevekst i kommunen, er det ikkje venta stor auke i aldersgruppa barn opp til 14 år. Det vil difor truleg vere lite behov for fleire skular og barnehagar. Vi ventar derimot ei auke på aldersgruppa 65+ og spesielt aldersgruppa over 80 år. Samstundes er det ikkje venta tilsvarende auke i dei andre aldersgruppene. Det betyr at det vert fleire eldre som skal takast vare på, men at talet på dei i arbeidsfør alder vil vere på det jamne om 20 år. Dette seier noko om kva utfordringar Stryn kommune kan vente å møte i framtida.




Fig. 2 Framskrivning av folketal, alder og kjønn 2020-2040 - Kjelde: SSB

I tråd med kvalitetsreforma for eldre «Leve hele livet» skal kommunane legge til rette for eit aldersvennleg samfunn. Målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistre livet. Leve heile livet handlar om dei grunnleggande tinga som ofte sviktar i tilbodet til eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og sammenheng i tenestene. Målet med reforma skal være fleire gode leveår der den aldrende befolkninga beheld god helse lenger og i større grad meistrar eige liv.




Fig. 3 Framskrivning av tal eldre i Stryn kommune; 67-79 år (gul), 80-89 år (blå), 90 år og eldre (lys blå) - Kjelde: SSB

Tilrettelegging for aldersvenlege bustadar og bumiljø er viktig. Ein må ha fokus på tilgjenge, utforming og funksjonalitet som gjev mulegheit for å bu heime og motta tenester der. Ei god tilrettelegging må ta i vare livskvalitet for den enkelte, men også behovet kommunen har for eit effektivt omsorgstilbod. Det må avsetjast tilstrekkeleg med areal som kan nyttast til omsorgsbustader eller institusjonar for å vere rigga for ein aukande andel eldre i framtida. Lokalisering av slike bustader må vurderast.

Sentralisering

Den lange og tunge nasjonale trenden med sentralisering mot større byar og tettstadar ser ut til å halde fram. Framskrivning av folketalet syner at veksten i folketalet først og fremst vil kome i sentrale strøk medan mange distriktskommunar vil oppleve nedgang i folketalet (SSB). Dette heng saman med at flyttemønsteret dei siste åra vil halde fram. Det er venta at 80 % av befolkninga i Vestland fylke vil bu i dei 12 mest sentrale kommunane (Kjelde: Vestland- utfordringar for fylket og for regionane).

Sentralisering av offentlege tenester og funksjonar har funne stad over lang tid, det same er tilfelle for private tenester og funksjonar. Dette er i motstrid til ønskje om tenester og funksjonar nærast muleg der folk bur, både ut frå å kunne oppretthalde attraktive tilbod og for å unngå transport. Planlegging av velfungerande attraktive tettstadar er viktig for trivsel og bulyst. Tilrettelegging med utgangspunkt i ein heilskapleg areal- og sentrumspolitik, varierte bustadar som inkluderer bustadsosiale omsyn, må ha fokus i oversiktplanlegginga og det vidare arbeidet med kommunedelplanar og detaljplanlegging.

Den indre sentraliseringa i kommunen fører til flytting frå utkantane og inn til sentrum. Denne utviklinga vil påverke korleis og kvar vi bør legge til rette bustadområda våre, helse- og omsorgstilbod, rekreasjonstilbod, møteplassar m.v. Saman med auka utfordringar knytt til skred og flaum vil desse trendane krevje god og koordinert planlegging i framtida.

1.2. Folkehelse og levekår

Livsvilkår som trygg oppvekst, val av utdanning, tilgang til eit interessant arbeid, ei tilfredstillande inntekt og eit meiningsfullt liv er ulikt fordelt i samfunnet. Dette gjev seg utslag i forventa helse og levealder. Å leggje til rette for rettferdige vilkår for å kunne leve gode liv, ta gode og sunne val til beste for seg sjølv og familien, er grunnpilaren for sosial berekraft.

Helsefremjande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Tilrettelegging av slike areaner er difor eit tema som bør ha sterkt fokus i alt planarbeid. «Utanforskap» kallar ein situasjonen der menneske eller grupper står på utsida av fellesskapet. «Utanforskap» er eit strukturelt samfunnsproblem som har store konsekvensar for den enkelte.

Det er ei auke av hushald med låginntekt, og Stryn ligg høgare enn fylket i alle aldersgrupper. Stryn har ei auke i tal på born og unge som bur trengt, dette talet er også høgare enn fylket og landet. Dette kan oppsummerast med at dei fleste har ein jobb, men mange slit med å skaffe seg ein bustad med nok plass, innanfor ei akseptabel økonomisk ramme. Dårleg økonomi vil også ha noko å seie for deltaking i fritids- og kulturaktivitetar.




Fig. 4 Hushald med låginntekt 0-17 år i Stryn kommune - Kjelde: SSB

Sosial ulikskap betyr at goder er systematisk skeivfordelt mellom grupper i samfunnet. Førbygging av sosial ulikskap handlar om å ta omsyn til heile årsakskjeda, og ikkje berre direkte risikofaktorar som helseåtfærd, bumiljø og arbeidsmiljø. Skeivfordelinga av slike risikofaktorar skuldast fordelinga av økonomiske ressursar, utdanning og arbeid i befolkninga.

Folkehelselova set strenge krav til kommunal planlegging, bygd på vurdering av dei utfordringar kommunen har. Grunlagsdokument for folkehelse (godkjent februar 2020) inneheld klare prioriteringar for eit målretta arbeid, gjennomgåande for alle tenesteområde og på overordna nivå.

Som mange andre distriktskommunar er overvekt blant unge og ei utfordring for Stryn kommune. Dette er ein ganske alvorleg del av utviklingstrekk og det er tydeleg at dette bør vere eit viktig satsingsområde for kommunen. Det optimale er at ein får til ein heilskapleg innsats der ein kan jobbe med kunnskap og haldning om ernæring og fysisk aktivitet frå barseloppfølginga til vaksenlivet.

Tilrettelegging for friluftsliv i nærmiljøet er eitt av dei viktigaste tiltaka for folkehelsa. Fleire område kan i samband med dette vere aktuelle for statleg sikring. Det gjeld mellom anna vegen på sørsida av Stryneelva frå Årheim til Sætre/Stauri, området øvst på Visnes, og ved Dispaholmen. Ein må generelt vurdere om friluftslivsinteressene er godt nok ivaretekne i alt planarbeid.

Folkehelse er eit overordna tema som bør vere ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel, som er det overordna styringsverktøyet i kommunen. Denne bør omfatte ein strategi for bustadsosial planlegging og tilrettelegging. Auka samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillig sektor vil vere viktig. Gjennom eit slikt planarbeid får vi vurdert og sett på samanhengane mellom dei ulike faktorane som påverkar levekåra, inkludert ein handlingsplan for tiltak.

1.3. Klimaendring og omstilling

Utfordringane med eit endra klima må handterast både nasjonalt, regionalt og lokalt, med konsekvensar for den enkelte og samfunnet. Utfordringane må møtast med strategiar for omstilling og tilpassing, og vil føre til auka kostnadar for samfunnet. Kostnadar med tilpassing vil naturleg nok bli høgare, relativt sett, ute i distrikta enn i dei meir tett befolka områda.

Klimaendringane er venta å føre til ein gjennomsnittleg temperaturauke og meir nedbør. Følgjane av dette vil vere fleire og større regnflaumar, jord- og sørpeskred og steinsprang. I sum betyr dette at behovet for planlegging og gjennomføring av sikringstiltak er stort. I tillegg vil klimaendringane truleg innebere at mindre del av arealet er trygt nok til å kunne brukast til utbyggingsområde.

NVE si faresonekartlegging som vart gjennomført i 2017, syner at 228 bygningar i Stryn kan ha ei høgare årleg sannsynlegheit for skredhendingar enn minstekravet på 1/1000 for nybygg. I tillegg er det kartlagt nokre hus/fritidshus som ligg utsett til for skadelege skredkrefter med ei årleg sansynlegheit på 1/100 eller høgare (TEK10). Klimaendringane vil truleg føre til at endå fleire bygningar bør sikrast mot flaum- og skredfare.

Klimaendringane inneber at vi må omstille oss. Mellom anna må vi i større grad sjå på arealbruk og transport i samanheng. Lokalisering av nye bustad- og næringsområde som gjev minst mogleg trafikk mellom bustad, arbeid og fritidsområde vil vere viktig for å redusere transportbehovet og dermed redusere utslepp av klimagassar. Fortetting og meir kompakt utbygging gjer at fleire kan gå og sykle til daglege gjeremål. Pågåande arbeid med områderegulering av Stryn sentrum vil legge langsiktige rammer for utvikling av sentrumsområdet der desse omsyna bør vektleggast. Målet er eit meir effektivt og miljøvenleg transportsystem med tilgjenge for alle med lågast mogleg behov for biltrafikk.

Stryn er ei stor og attraktiv reiselivskommune. Tilrettelegging for at reiselivet kan utvikle seg vidare på ein berekraftig måte, samstundes som dei besøkjande får ei god oppleving, er ei utfordring som vil krevje vesentleg innsats frå kommunen i dei nærmaste åra. Dei mest belasta områda våre bør sjåast i samanheng der ein planlegg tilrettelegging av infrastruktur og nye aktivitetsområde for eit større geografisk område. Dette vil også gjere det muleg å legge til rette for eit «grønare» reiseliv med mindre klimaavtrykk. Det er difor behov for ei samla planlegging av infrastrukturen i Olden/Oldedalen og Loen der det blir lagt til rette for klimavenlege transportløyningar og infrastruktur. I tillegg må et leggast til rette for elektrifisering av Olden Cruisehamn.

Reduksjon av naturmangfaldet er ein av fleire konsekvensar av klimaendringane. Planlegging i framtida må difor i større grad legge til rette for kompakte og klart avgrensa utbyggingsområde for å spare areal og sårbar natur. Ei slik planlegging vil gjere det lettare å ta omsyn til naturmangfaldet, viktige naturtypar, friluftsområde, overordna grønstruktur m.v.

Landbruksnæringa blir i mange samanhengar vist til som ein stor bidragsytar til uønska klimautslepp. Denne næringa må på linje med alle andre gå gjennom produksjonsmåtar og drift, for å gjere sitt til å nå klimamåla.

Det er ei nasjonal målsetting å hindre nedbygging av dyrka mark. I kampen om å finne trygge byggeområde som ikkje har andre verdiar, er det ofte jordbruksjord som vert taparen. Å sikre jordbrukareal til matproduksjon på norsk jord er viktigare enn nokon gong før.

2. Overordna føringar

2.1. FNs berekraftsmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Dette er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskapar og stoppe klimaendringane innan 2030. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og for å realisere berekraftmåla i Noreg. Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg FNs berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.

2.2. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 vart vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019. Dokumentet handlar om kva regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane skal ta omsyn til i planlegginga. I medhald av § 6-1 i plan- og bygningslova skal eit slikt dokument utarbeidast kvart fjerde år.

Regjeringa legg i forventningsdokumentet vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Forventningane er delt inn i fire hovudområde:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med dei regionale og kommunale planstrategiane, og bidra til at planlegginga i fylker og kommunar tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga. Dokumentet er såleis sentralt i arbeidet med planstrategien, men skal også leggjast til grunn for utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova.

Forventningane er generelle og formidlar ikkje alle statlege interesser, oppgåver og omsyn som planlegginga skal ivareta, og som er forankra i forskrifter, stortingsmeldingar og rundskriv.

2.3. Regional planstrategi

Samtidig som kommunen utarbeider sin planstrategi skal Vestland fylkeskommune lage ein regional planstrategi – *Utviklingsplan for Vestland*. Føremålet er å setje fokus på kva for strategiar ein vil velje for vidare utvikling og kva for planoppgåver det er viktig å arbeide med i fylket i valperioden.

I 2019 har det vore ein omfattande prosess med å førebu arbeidet, mellom anna gjennom regionale møte i Sogn og Fjordane og Hordaland, og utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget. Arbeidet har resultert i følgjande rapportar:

- Vestland - Statistikk og utviklingstrekk
- Vestland - Folkehelseoversikt 2019-2023
- Vestland - Utfordringar for fylket og for regionane

Det er planlagt at den regionale planstrategien 2020-2024, *Utviklingsplan for Vestland*, skal vedtakast i fylkestinget i september 2020. Utviklingsplanen skal liggje til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Førebels er det sett følgjande overordna mål for utviklingsplanen:

- Mål 1: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 2: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 3: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping
- Mål 4: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

I og med at den regionale planstrategien ikkje blir ferdig før dei kommunale planstrategiane skal utarbeidast og vedtakast, skal dei tre rapportane leggjast til grunn ved utarbeiding av den kommunale planstrategien for Stryn. Vestland fylkeskommune har i tillegg sendt ut eit skriv til kommunane i fylket, der dei mellom anna har følgjande innspel:

- FN sine berekraftmål skal liggje til grunn for samfunns- og arealplanlegginga i kommunane.
- I 2019 erklærte fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland klimakrise i Vestland, og at klima og miljø difor må vere premiss i all samfunnsutvikling i Vestland. I Pbl. §10-1 står det at den kommunale planstrategien bør omfatta ei drøfting av strategiske val knytt til mellom anna miljøutfordringar. Kommunen bør vurdere om klima- og miljøutfordringane er godt nok vurdert i eksisterande planverk, og om dagens ambisjonsnivå er ivaretatt.
- I folkehelselova er det krav om å utarbeide ei oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Det er krav om at denne oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar bør inngå i strategien.
- Kommunane bør revidere kommuneplanen sin samfunnsdel tidleg i kvar periode.
- Dersom det er kommunar som enno ikkje har revidert sin arealdel etter føremåla i ny plan- og bygningslova må dei sjå til at dette vert gjort.

3. Føremålet med kommunal planstrategi

3.1. Plan og bygningslova

Innan fyrste året i kvar valperiode skal kommunestyret vedta ein kommunal planstrategi. Dette er heimla i plan- og bygningslova (PBL) § 10-1.

Det står her at planstrategien skal omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som gjeld både langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og sektorane si verksemd.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å få ei samla oversikt og vurdering av kommunen sitt planbehov i kommunestyreperioden basert på utfordringar kommunen står overfor. Planstrategien kan i tillegg gje føringar for kommunen sitt plansystem og planressursar.

Planstrategien er ikkje ein plan, men eit verktøy for kommunen å fastleggje og prioritere det vidare planarbeidet. Planstrategien skal bidra til at utarbeiding og prioritering av planar skal vere forutsigbart både for administrasjonen, politikarane og ikkje minst for innbyggjarane.

Den førre planstrategien fungerte i liten grad som ei prioriteringsliste for politikarane. Det kom fleire innspel undervegs som ikkje var nemnde og/eller prioriterte i strategien. Konsekvensane er at delar av dei planoppgåvene som kommunestyret hadde prioritert ikkje fekk den framdrifta som var planlagt, eller dei vart ikkje gjennomførde.

Planstrategien er ikkje juridisk bindande, men endringar på prioriteringane skal handsamast av kommunestyret. Dette betyr til dømes at sektorutvalet for tekniske saker ikkje kan pålegge kommunedirektøren å starte opp en plan som ikkje er prioritert i kommunen sin planstrategi slik det vart gjort i eit vedtak vedrørande bustadfeltet på Hol, jf. kap 5.6.

3.2. Prosess

Stryn kommune starta arbeidet med den kommunale planstrategien i januar 2020.

Kommunestyret gjorde vedtak om oppstart av Stryn kommune sin planstrategi 19. mars 2020. Varsel om oppstart vart sendt til statlege og regionale organ og nabokommunar for å få innspel til planstrategien frå desse aktørane.

Det er eit mål at planstrategien for 2020-2024 skal vere betre forankra i administrasjonen og av politikarane. Administrasjonen har difor hatt ei brei involvering der ein samla har sett på utfordringane og planbehova til kommunen.

Dette vart lagt fram for formannskapet og sektorutvala i april. Ein ønska med dette å få innspel frå politikarane til utfordringane, planbehova og kva for planar som bør prioriterast.

Med bakgrunn i kommunen sine utfordringar og planbehov, i tillegg til mottekne innspel, har seksjon plan og næring i samarbeid med kommunaldirektøren, kommunalsjefane og representantar frå sentraladministrasjonen utarbeidd framlegg til kommunen sin planstrategi.

Framlegg til Stryn kommune sin planstrategi for 2020-2024 var kunngjort 11. august. Vedtak av planstrategien blei gjort av kommunestyret 24. september 2020.

3.3. Planressursar

Planressursane i Stryn kommune er fordelt på fleire avdelingar. Desse har følgjande hovudansvar:


- Overordna planlegging/kommuneplan: Seksjon plan og næring (sentraladministrasjonen).
- Reguleringsplanar: Avdeling for byggesak og regulering (teknisk etat).
- Tematiske kommunedelplanar: Utarbeidd av den etaten som har det faglege ansvaret.

Så å seie alt planarbeid krev utgreiingar. Ein må til dømes pårekne å gjennomføre vurderingar knytt til potensiell fare i samband med utarbeiding av arealplanar. Dette gjeld mellom anna skredfare, flaumfare og kvikkleireutfordringar. Utgreiingsarbeid kan vere omfattande, og krev som regel både kommunale planressursar og midlar til konsulentar.

I tillegg krev nasjonale og regionale mynde stadig meir frå kommunen. Dette gjeld auka krav knytt til utarbeiding av planar. Det kjem også pålegg om til dømes registrering av omsynssover for viktige friluftslivsområde, område for ureina grunn og område til massedeponi og drikkevasskjelder. Stryn kommune sine planressursar blir og nytta til dette.

3.4. Plansystemet

Kommunane har ei rekkje planar for sine areal og verksemdområde. Planar blir utarbeidd både etter plan- og bygningslova (PBL), og etter anna lovverk. Figuren under skisserer plansystemet. Dei planane som er omfatta av planstrategien er kommuneplanen, kommunedelplanar og reguleringsplanar som blir utarbeidd av, eller i regi av, Stryn kommune.



3.5. Omgrep

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet og skal vere førande for utviklinga i kommunen. Kommuneplanen kan etter behov detaljerast i form av kommunedelplaner.

I *samfunnsdelen* skal ein ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen.

I *arealdelen* skal ein vise samanhangen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen er juridisk bindande, og omfattar plankart, føresegner og planhefte. Plankartet skal vise hovudføremål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

Kommunedelplaner kan utarbeidast for avgrensa tema/verksemdområde der ein skal følgje opp utvalde mål i kommuneplanens samfunnsdel (tematiske kommunedelplanar), eller for eit avgrensa geografisk område som ein del av kommuneplanen sin arealdel (geografiske kommunedelplanar).

Kommuneplanen sin handlingsdel

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis kommuneplanen sin samfunnsdel skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir, og reviderast årleg. Handlingsdelen gjer ei prioritering av kva vi *bør* få utført gjennom økonomiplanen, dei økonomiske ramma vil avgjere kva vi *kan* få utført. Det skal vere samsvar mellom samfunnsdelen og økonomiplanen, difor er handlingsdelen og økonomiplanen slått saman til eitt dokument i Stryn kommune.

Revisjon og rullering

Behovet for revisjon og rullering av planar blir vurdert kvart 4. år i samband med den kommunale planstrategien.

Med *revisjon* meinast full saksbehandling etter plan- og bygningslova. Med *rullering* meinast mindre vesentlege endringar/oppdateringar/justering av handlingsdel. Nokre planar skal rullerast årleg.

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av et arealplankart med tilhøyrande føresegner som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Planstrategien omfattar dei reguleringsplanane som blir utarbeidd av, eller i regi av, Stryn kommune.

Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som nyttast for å gi områdevis avklaringar av arealbruken. Dette er nyttig når det er naudsynt for å fastsetje overordna strukturer i område som byggast ut gjennom små, private detaljreguleringar. Ved avtale kan denne utarbeidast av private.

Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for et avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekt. Utarbeidast som regel av private aktørar.

Sektor-, tema- og fagplanar er planar som har til felles at dei utarbeidast etter anna lovverk enn plan- og bygningslova. Dette kan vere planar som er pålagt ved lov eller forskrift, planar som er viktige i planlegginga av dei einskilde verksemdområda eller planar som er sektorovergripande. Sektor-, tema- og fagplaner er ofte viktige i oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, med konkretisering av mål og oppfølging med tiltak.

Sektor-, tema- og fagplanar er ikkje omfatta av Stryn kommune sin planstrategi.

4. Evaluering av planar

4.1. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen til Stryn har eit tidsperspektiv på 12 år (2013-2024), og har følgjande hovudmål:

- Vekst basert på bulyst og næringsutvikling

I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga blei det vedteke følgjande satsingsområde:

- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet
- Bulyst og bustadtilbod

Handlingsdelen til samfunnsdelen er i same dokument som økonomiplanen.

Planbehov:

Med bakgrunn i dei overordna utfordringane er det behov for å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel, slik at vi kan legge til rette for ei positiv utvikling i Stryn. I tillegg er planen, som er det overordna styringsdokumentet til kommunen, noko utdatert i og med at den blei vedteke i 2013.

Generelt må klimaomsyn bli teke meir omsyn til i alt arbeid med oversikts- og detaljplanlegging. I staden for å utarbeide ein eigen klima- og miljøplan bør dette takast inn i kommuneplanen sin samfunnsdel, som er det overordna styringsverktøyet. Klima- og miljøomsyn må i tillegg løftast på dagsorden i alle sektorar og bli vurdert ved alle val av løysingar.

Utfordringar som Stryn kommune har innanfor både folketalsutvikling og demografi, folkehelse og levekår, fører og til eit behov for ein revisjon av samfunnsdelen. Kunnskapsdokumentet for folkehelse og kvalitetsreforma «leve heile livet» bør innarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel.

4.2. Samfunnssikkerhet og beredskap

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Kommunene har ein sentral rolle i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Denne rolla er tydeliggjort gjennom kommunal beredskapsplikt. Beredskapsplikta pålegg kommunen å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap, og understrekar kommunen si viktige rolle som samordnar og pådrivar i samfunnssikkerheitsarbeidet. Grunnlaget for eit godt kommunalt samfunns-sikkerheitsarbeid er at ein er merksame og har kunnskap om risiko og sårbarheit gjennom en heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (heilskapleg ROS).

Kommunen sin overordna ROS-analyse er i dag felles med tidlegare Hornindal kommune. Den vart vedteken i 2015. Stryn kommune bør ha ein eigen ROS-analyse. Det er i tillegg eit behov for å ha ein revisjon av ROS-analysen på grunn av at risiko-biletet har endra seg noko.

Planbehov:

Utarbeide ny heilskapleg ROS-analyse

Helse- og sosialberedskapsplan (ny)

Dette er ein lovpålagt plan jf. Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven). Føremålet med lova er å verne befolkninga sine liv og helse og bidra til at naudsynt helsehjelp, helse- og omsorgstjenester og sosiale tenester kan tilbys befolkningen under krig og ved kriser og katastrofer i fredstid. Kommunen pliktar å utarbeide ein beredskapsplan for dei helse- og omsorgstenester eller sosialtenester dei skal sørge for eit tilbod av, eller er ansvarlege for.

I dag er dette ein del av kriseleiingsplanen, men Fylkesmannen tilrår å ha dette som ein eigen plan.

Planbehov:

Utarbeide ein Helse- og sosialberedskapsplan

4.3. Kommuneplanen sin arealdel/Geografiske kommunedelplanar

Kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Den skal syne hovudtrekka for korleis areala skal nyttast, rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, og kva for viktige omsyn ein må ta ved bruk av areala. Kommuneplanen sin arealdel er juridisk bindande.

For Stryn kommune omfattar arealdelen eit hovudkart i tillegg til fleire kommunedelplanar som viser arealbruken for eit avgrensa område. Gjeldande arealdel består av følgjande planar:

- Hovudkartet (2006)
- Hopland/Randabygda (2006)
- Fjelli/Vangen (2006)
- Blakset (2006)
- Bøasetra/Ullsheim (2013)
- Langeset-Stryn-Storesunde (2017)
- Oppstryn (2019)
- Loen (2006)
- Loen sentrum (2012)
- Olden (2015)
- Oldedalen (2006)
- Innvik (2006)
- Utvik (2006)
- Kystsoneplanen (2009)

Delar av kommuneplanen sin arealdel og nokre kommunedelplanar vart vedteke i 2006. I samband med ny plan- og bygningslov kom det nye forskrifter for korleis plankartet skal utformast. Dette omfattar mellom anna endra føremål for dei fleste områda. Det må i tillegg gjerast ein del korrigeringar for planane frå 2006, i og med at dei blei utarbeidde i mindre målestokk og er såleis unøyaktige. Dette betyr at det er eit generelt planbehov for dei planane som er frå 2006.

Stryn kommune har følgjande planbehov knytt til arealdelen:

Kommunedelplan for Vikane – Pågåande planarbeid

Det er behov for å leggje til rette for meir bustad- og næringsareal i Innvik og Utvik. I tråd med gjeldande planstrategi vart kommunedelplanen for Vikane starta opp oktober 2019 og planprogrammet blei vedteke februar 2020. I samband med planarbeidet er det under utarbeiding ei skredfarevurdering for store delar av planområdet, der ein og vurderer flaumfare. Kommunen har fått tilskot frå fylkeskommunen til å gjennomføre eit tettstadsprosjekt for Innvik og Utvik som også skal vere eit grunnlagsdokument for kommunedelplanen.

Planbehov:

Fullføre kommunedelplan for Vikane.

Kommuneplanen sin arealdel

Når kommunedelplanen for Vikane er utarbeidd er det kommunedelplanane på Nordsida (Randabygda/Hopland og Fjelli/Vangen) og resten av hovudkartet som ikkje er revidert sidan 2006. Det er her eit planbehov knytt til følgjande tema:

- **Drikkevatt**
Stryn kommune har mange drikkevasskjelder i form av innsjøar, elvar og grunnvatn. Fleire av desse er ikkje tilstrekkeleg verna mot inngrep og bruksmønster som kan gjere vatnet ueigna som drikkevatt, eller krevje kostbare løysingar for å reinse vatnet. Det bør leggest omsynssooner med føresegn til drikkevasskjeldene.
- **Hytteområde**
Ein del av hytteområda i kommunen ligg i hovudkartet. Det er behov for å oppdatere avgrensinga av desse, og vurdere eventuelt å leggje til rette for nye hytteområde.
- **Særmerkte stølsområde**
Vedteken arealplan har hatt fokus på å ivareta gamle, særmerkte stølsområde, med retningslinjer for vidare utvikling av stølane. Det er trong for å fornye retningslinjene og vurdere på ny kva for stølar som framleis har dei kvalitetane ein er ute etter å sikre for framtida. Dette er eit av tiltaka i kommunedelplanen for kulturminne.
- **Andre viktige kulturlandskap og bygningsmiljø**
I arealdelen er ein del av naustmiljøa langs fjorden og ved vatn avmerkt som viktige kulturlandskap. På same måte som stølsområda er det også her behov for å vurdere kva naustmiljø som har desse kvalitetane og kva for retningslinjer som bør nyttast. Dette gjeld og andre område som er avmerkt som viktige kulturlandskap og viktige bygningsmiljø.
- **Område for friluftsliv**
Stryn kommune har kartlagt og verdsett 317 friluftslivsområde i kommunen i 2017 og 2018. Bakgrunnen for arbeidet er eit nasjonalt prosjekt i regi av Miljødirektoratet, med utgangspunkt i den nasjonale strategien for eit aktivt friluftsliv. Dei viktigaste områda bør liggje i arealdelen med føresegn/retningslinjer. Dette må sjåast i samheng med dei områda som ligg i kommuneplanen frå før.

- **Gang- og sykkelveggar**
Det er eit stadig aukande fokus på folkehelse, der eit av tiltaka kan vere å leggje til rette for fleire gang- og sykkelveggar. Kommunedelplanen for trafikktrygging og samferdsle omfattar ei prioritert liste over nye gang- og sykkelveggar. Det fyrste steget i å få bygd ein gang- og sykkelveg er at den må leggjast inn i kommuneplanen sin arealdel.
- **Omsyn til villrein**
Regional plan for Ottadalsområdet er vedtatt i fylkestinga i Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommuner. Område som har restriksjonar som ein følge av at dei er viktige område for villrein bør vidareførast i kommuneplanen sin arealdel.
- **Bustadområde**
Det er ledige bustadtomter i mange bygdelag, men ofte ligg ikkje desse der folk ønskjer å busetje seg. Dette fører til mange dispensasjonssaker, noko som er særskild uheldig. Det er eit generelt behov for ein gjennomgang av dei bustadområda som ligg i hovudkartet. Det må vurderast om ein skal nytte føremålet LNF med spreidd bustadbygging.

Planbehov:

Revidere resten av kommuneplanen sin arealdel (hovudkartet) og kommunedelplanane for Randabygda/Hopland og Fjelli/Vangen. Kommunedirektøren rår til at dette blir gjort samstundes.

4.4. Regionale arealplanar

E39 Byrkjelo-Grodås

Statens vegvesen har i samarbeid med kommunane Gloppen, Stryn og Hornindal utarbeidd kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås. Den delen av planen som ligg i Stryn kommune vart vedteken av kommunestyret september 2019. Dersom vegvesenet vel å gå vidare med ein reguleringsplan vil Stryn kommune bli involvert i planarbeidet.

Planbehov:

Reguleringsplan for E39 Byrkjelo-Grodås.

Riksveg 15 Strynefjellet

Statens vegvesen har utarbeidd konseptvalutgreiing (KVU) for Rv 15 over Strynefjellet. Val av trasé som skal leggjast til grunn for vidare planlegging er såleis bestemt. Prosjektet er ikkje prioritert i NTP 2018-2029. Dersom prosjektet blir prioritert i ny NTP 2022 – 2033 og vegvesenet vel å prioritere utarbeiding av ein kommunedelplan, vil dette planarbeidet krevje ein del ressursar frå seksjon plan og næring.

Planbehov:

Kommunedelplan for Rv 15 Strynefjellet.

4.5. Tematiske kommunedelplanar

Dei tematiske kommunedelplanane skal vere tydeleg forankra i den overordna kommuneplanen. Dei skal følgje opp måla og strategiane som er vedtekne i samfunnsdelen.

Nokre sektorar har påbod om kommunedelplan etter særlov, for nokre tilskotsordningar er det eit vilkår at anlegga er prioritert i ein kommunedelplan for å få søknadsrett, medan det for nokre tema er opp til kommunen å vurdere behovet for ein kommunedelplan.

I tråd med plan- og bygningslova skal dei tematiske kommunedelplanane ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei fire neste åra. Denne skal rullerast årleg. Dei tiltaka som krev økonomiske løyvingar, må vidareførast i kommunen sin økonomiplan for at dei skal gjennomførast.

Stryn kommune har følgjande planbehov knytt til tematiske kommunedelplanar, både eksisterande planar og behov for utarbeiding av nye:

Kommunedelplan for helse og sosial – pågåande planarbeid

Arbeidet med ein kommunedelplan for helse og sosial vart starta opp i 2019, og blir utarbeidd i tråd med gjeldande planstrategi. Stryn kommune har ikkje hatt ein samla plan for denne etaten tidlegare. Behovet for planen er grunngjeve i befolkningsstatistikken – som syner ei stor auke i tal eldre, ei rekkje stortingsmeldingar og utgreiingar siste åra og samhandlingsreforma, som krev mykje av kommunal planlegging og prioritering.

Planbehov:

Fullføre Kommunedelplan for helse og sosial.

Kommunedelplan Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Eksisterande rusmiddelpolitisk handlingsplan går ut i september 2020. Planen er viktig for å kunne ha ein stødig tildelingspolitikk og gje klare retningslinjer i alkohol- og tobakksaker. Planen er også viktig i det førebyggjande rusarbeidet i kommunen.

Planbehov:

Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Kommunedelplan for psykiatri

Stryn kommune har ein gammal «psykiatriplan» frå 2007. Denne må enten reviderast og omfatte også tenesteyting innan rus, elles så må denne planen utgå. Det vil truleg være mest oversiktleg at det ikkje er ein eigen plan for rus og psykiske helsetenester, men at desse tenestene vert omtalte i kommunedelplan for helse, sosial og omsorg. Konkrete tiltak innanfor temaet rus står i rusmiddelpolitisk handlingsplan, som også er ein kommunedelplan.

Planbehov:

Tenesteyting innan psykiatri og rus blir innarbeidd i kommunedelplan for helse, sosial og omsorg.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – pågåande planarbeid

Stryn kommune sin kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2017-2020) skal medverke til ei vidareutvikling og tilrettelegging for aktivitet, utbygging av idrettsanlegg og areal for fysisk aktivitet i heile kommunen. Det er eit krav frå Kulturdepartementet (KD) at kommunane skal ha ein kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for å kome i posisjon til å søkje midlar av overskotet til Norsk Tipping, såkalla spelemidlar.

For å spare planressursar er det starta opp ein samla plan for kultur og idrett. Det er tenkt at planen skal ha to handlingsdeler, ein for kultur og ein for idrett.

Planbehov:

Det er behov for å revidere kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kommunedelplan for kultur – pågåande planarbeid

Kommunedelplan for kultur er for 2013-2016, men med ein handlingsdel for 2017-2020. Planen skulle synleggjere kulturpolitikken sin visjon, strategi, målsetjingar og innsatsområde i åra framover. Vidare arbeid med planen vart utsett då ein fekk signal om at det ville kome ny informasjon og nye politiske føringar innan kultur og idrettsfeltet ved overgang til nytt fylke.

For å spare planressursar er det starta opp ein samla plan for kultur og idrett. Det er tenkt at planen skal ha to handlingsdeler, ein for kultur og ein for idrett.

Planbehov:

Det er behov for å revidere kommunedelplan for kultur.

Kommunedelplan for kulturminne

Kommunedelplan for kulturminne (2017) sitt overordna mål var å få opp kunnskapen om, og engasjementet for kulturminne lokalt, og at dei kulturminna som planen omfattar skal takast vare på fordi dei er ein del av folket si historie. Planen gjev også eit betre oversyn over kva kulturminne som finst i kommunen, og auke verdien av utviklingsarbeid innan skule, næringsliv og kultursektor. Det var plan og næring som i hovudsak sto for utarbeiding av planen, men det er skule og kultur som skal følgje opp planen.

Kommunedelplan for bygningsvern (2000) omfattar ei evaluering av bygningar frå før 1900. Grunnlaget for planen er SEFRAK (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) som er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. I samband med planen vart det føreteke ei vurdering av verneverdien av bygningane, og om dei var ein del av eit bygningsmjø. Det er behov for ein gjennomgang av samtlege bygningar, slik at bygningane får ei oppdatert verdivurdering. Dette vart teke inn som eit tiltak i kommunedelplanen for kulturminne, og bygningsvernplanen er no ein del av denne planen.

Planbehov:

Det er ikkje behov for ein revisjon, då planen er relativt ny.

Kommunedelplan for oppvekst

Kommunedelplan for oppvekst (2014-2024) omhandlar barnehage, skule, SFO, vaksenopplæring og tverretatlege tiltak for born/unge, med fokus både på kvalitet i innhald og organisering/struktur. Planen omhandlar alle områda som skule- og kulturretaten har ansvar for, med unntak av kulturavdelinga som har egne kommunedelplanar.

Planbehov:

Det er ikkje behov for ein revisjon, då planen er relativt ny.

Kommunedelplan for vassforsyning – pågåande planarbeid

Revisjon av kommunedelplan for vassforsyning (2011-2020) blei starta opp i 2016. Det er eit vilkår at planen skal støtte til ei kvar tid gjeldande lovverk for trygging av drikkevassforsyninga til innbyggjarane i Stryn kommune.

Planframlegget omfattar ei oversikt over utfordringar og naudsynte tiltak innan vassforsyning, tilstand på vassverka slik dei er i dag, forvaltning av vassforsyningsanlegg i kommunen i høve til kva område som har offentleg vassforsyning og kva område som har privat vassforsyning, og tiltak og prioriteringar. Det er lagt opp til vedtak av planen i løpet av 2020.

Planbehov:

Fullføre Kommunedelplan for vassforsyning.

Kommunedelplan for avløp og overvatn – pågåande planarbeid (ny plan)

Arbeidet med kommunedelplan for avløp og overvatn starta opp i 2019, og blir utarbeidd i tråd med gjeldande planstrategi. Planen vil føre til ei betra organisering og oversikt over avløpsrensaneanlegg og mindre anlegg for handtering av avløp. Den skal i tillegg sikre at midlane vert nytta på ein samfunnsøkonomisk best mogleg måte og at infrastrukturen i Stryn kommune vert rusta for framtida. Det overordna føremålet er å redusere lekkasjar til grunnen og vassressursar, og å redusere utsleppet til fjorden og andre resipientar i Stryn kommune.

Planbehov:

Fullføre Kommunedelplan for avløp og overvatn.

Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle – pågåande planarbeid

Føremålet med kommunedelplanen for trafikktrygging og samferdsle (2017-2020) er å kartleggje og prioritere trafikkfarlege stader og å prioritere tiltak – både fysiske og haldningsskapande. Vedteken plan skal mellom anna nyttast ved søknad om fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar (TIK-midlar), der det er eit krav om at planen ikkje er meir enn fire år gammal, og for innmelding til RTP (regional transportplan) og NTP (nasjonal transportplan). Planen blei starta opp våren 2020.

Planbehov:

Fullføre Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle.

Kommunedelplan for massetak og massedeponi

Direktoratet for mineralforvaltning meiner at for å få ei god og berekraftig forvaltning av våre mineralressursar bør kommunen lage ein temaplan for mineralressursar. Dei tilrår at kommunen legg opp til ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar når ny kommunedelplan skal utarbeidast. Ein kan då unngå at registrerte mineralressursar blir bygd ned eller at det blir lagt andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane.

Ein slik plan bør også omfatte ei vurdering av etablering av område for massedeponi og kvar slike bør ligge. Eit permanent område til skrotmasse bør også lokaliserast. Det har vore dårleg koordinering av overskot av masse ved større vegprosjekt og behov for masse andre stadar i kommunen, noko som har ført til at kommunen stadig blir utfordra på område for mellombels lagring av skrotmasse. Det er og behov for utarbeiding av reguleringsplanar for nærmare vurderte område for lagring av masse.

Planbehov:

Det er behov for at det blir utarbeidd ein kommunedelplan for mineralressursar, som omhandlar både massetak og massedeponi. Denne planen kan utarbeidast av konsulentar.

Kommunedelplan for energi og miljø

Stryn kommune har ein kommunedelplan for energi og miljø (2009-2013) som er utdatert. I staden for å revidere denne planen bør dette emnet takast inn i kommuneplanen sin samfunnsdel, som er det overordna styringsverktøyet. Klima- og miljøomsyn må i tillegg løftast på dagsorden i alle sektorar og bli vurdert ved alle val av løysingar.

Planbehov:

Klima- og miljøomsyn bør bli omfatta av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget, Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget

Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget vart vedteken i 1999, medan Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget vart utarbeidd saman med Eid og Hornindal kommunar og vedteken i 2007. Planane er i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, og er retningsgjevande for korleis ein skal vurdere ulike typer inngrep i nedbørfeltet til vassdraga.

Planbehov:

Det er ikkje behov for ein revisjon av desse planane, då planane fungerer greitt i sakshandsaminga ved tiltak knytt til vassdraga.

4.6. Områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar

Den kommunale planstrategien er i hovudsak knytt til kommuneplanen og kommunedelplanar, men kan også omfatte ei prioritering av andre type planar.

Reguleringsplanar blir i stor grad utarbeidd av private aktørar, der administrasjonen står for sakshandsaminga før politisk avgjerd. Planstrategien omfattar berre dei reguleringsplanane som blir utarbeidd av, eller i regi av, Stryn kommune.

Omfanget av planar der kommunen er involvert har hatt ei veldig auke dei seinare åra. Dette har delvis samanheng med at det er krav om reguleringsplan for nye utbyggingsområde, til dømes til bustadfelt, som er avsett i ulike kommunedelplanar. Nokre av desse planane er omfatta av denne planstrategien. Det er i tillegg ei relativ høg forventning frå politikarane og innbyggjarane i høve til at kommunen skal leggje til rette for utvikling.

Med bakgrunn i at kapasiteten ikkje har hatt tilsvarande auke er det naudsynt med ei relativ hard prioritering i høve til kva for planar som skal utarbeidast denne kommunestyreperioden. Nedanfor er planane lista opp med tilhøyrande planbehov. Prioritering av planane finn ein i kap. 5.

Områderegulering for Stryn sentrum – pågåande planarbeid

Områdereguleringa for Stryn sentrum blei starta opp august 2018, planprogrammet blei vedtatt mars 2019. Planen har som mål å trekkje opp langsiktige retningslinjer for vidare utvikling av Stryn sentrum. Den skal vidareføre dei endringane som blei gjort for Stryn sentrum i kommunedelplanen Langeset-Stryn-Storesunde. I tillegg er det mange eldre reguleringsplanar innanfor sentrumsområdet som er meir eller mindre utdaterte, og berre delvis heng saman.

Sjølv om utarbeiding av områdereguleringa vert gjort av konsulentfirmaet 3RW bruker kommunen relativt mykje ressursar på planen. Det arbeidast no med å få ferdig eit planframlegg som skal leggest ut til offentleg ettersyn. Planen vil truleg måtte leggest ut to gonger til offentleg ettersyn.

Planbehov:

Fullføre Områdereguleringa for Stryn sentrum

Detaljregulering Geilevegen – pågåande planarbeid

Detaljreguleringa for Geilevegen vart starta opp februar 2019. Føremålet med detaljreguleringa er vegbreiddeutviding og oppgradering av vegstrekning og VA-anlegg. Utarbeiding av tekniske planar for vatn og avløp og for handtering av overflatevatn. Det er lagt til rette for at vegen kan vidareførast, slik at den er ein av tilkomstvegane til eit framtidig bustadområde på Tonningkamben. Det er gjort vedtak om offentleg ettersyn av planframlegget.

Planbehov:

Fullføre Detaljreguleringa for Geilevegen.

Reguleringsendring Dispaholmen – pågåande planarbeid

I samband med vedtak av kommunedelplan for Oppstryn gjorde kommunestyret eit tilleggsvedtak som fører til behov for å gjere endringar på reguleringsplanen for Dispaholmen, jf. sak KS- 083/19. Ved reguleringsendring bør det sikrast at parkeringsplass er plassert utanfor flaumsone, vurdere areal for sanitæranlegg og forlenging av eksisterande tursti. Kommunestyret har gjort vedtak om finansiering av planarbeidet via disposisjonsfondet, jf. KS-023/20.

Planbehov:

Fullføre Reguleringsendringa for Dispaholmen.

Detaljregulering Tyva

Det er behov for å sikre drikkevasskjelde på Tyva (Tjugen) ved hjelp av ein reguleringsplan. Det kan vere behov for ein ekstra grunnvassbrønn for å auke kapasiteten. Dette må sjåast i samanheng med ønskje om hytteområde og taubanedrift. Behov for parkering og toalett knytt til Skåla bør løysast i denne reguleringsplanen.

Planbehov:

Detaljreguleringsplan for Tyva.

Reguleringsendring Vik/Arnfinnbakken

Det er behov for å gjere mindre endringar av godkjend reguleringsplan. Det gjeld justering av tomtestørrelse, tilkomst med meir.

Planbehov:

Reguleringsendring av eksisterande plan «Vik/Arnfinnbakken».

Detaljregulering av B135 i Hogane

Det er behov for fleire bustader kring Stryn sentrum. Område B135 er avsett i gjeldande kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde. Det er krav om reguleringsplan for området.

Planbehov:

Detaljregulering av B135 i Hogane.

Detaljregulering for nytt næringsområde i Strynedalen

I samband med områdereguleringa for Stryn sentrum kan det vere aktuelt å legge til rette for å flytte verksemder ut av sentrumsområdet, både for å gje bedrifter utviklingsmulegheiter og for å kunne nytte areal i sentrum til sentrumsføremål. Regulering av nytt næringsareal i nærleiken av Stryn sentrum vil vere eit aktuelt tiltak.

Planbehov:

Reguleringsplan for nytt næringsområde i Strynedalen.

Plan for Lodalen

Det bør startast opp ei samla planlegging av infrastruktur i Lodalen der det blir lagt til rette for klimavennlege transportløysingar og infrastruktur. Noko av planbehovet kan truleg dekkjast gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Planbehov:

Plan for Lodalen. Det er usikkert kva for plantype som er best eigna.

Reguleringsplan - Tilrettelegging for cruisenæringa i Olden og Loen

Cruisenæringa har vore i sterk vekst, og dette krev tilrettelegging av ny infrastruktur for å kunne handterast på ein best muleg måte. Loen er i ferd med å bli ein ny «cruisedestinasjon», og saman med etablering av Loen Skylift er Olden og Loen dei to viktigaste områda med tanke på tilrettelegging for cruise. Tilrettelegging for gang- og sykkelsamband mellom Olden og Loen, vurdere lokalisering av ny cruisekai m.v. tilseier at det er behov for å få sett i gang eit planarbeid for dette området. På grunn av korona-situasjonen er det usikkert korleis dette vil påverke den framtidige cruiseturismen.

Planbehov:

Reguleringsplan for ny cruisekai/gangveg Muri – Tyvaneset – Loen

Detaljregulering for bustadområde i Bø

Det er behov for fleire bustader kring Stryn sentrum. To bustadområde i Bø er avsett i gjeldande kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, med nemning B150 og B151. Det er krav om reguleringsplan for området. Kommunen må vurdere om vi skal regulere desse, evt. legge til rette for at dei vert regulert ved å regulere vegtrasé/vegtilkomst.

Planbehov:

Detaljregulering for bustadområde B150 og B151 i Bø.

Områderegulering for delar av hytteområdet nord for Stryn sentrum

Det er behov for ein områderegulering for delar av hytteområdet (Bøasetra og Tverrfjellet) nord for Stryn sentrum. Dette er grunngeve i fleire faktorar:

- Det er mange eldre festetomter som ein no ser vert søkt frådelt. Det er ingen retningslinjer for bygging på tomtene. Dette kan løysast i ein reguleringsplan.
- Dagens skitrasé samsvarer ikkje med dagens planar/faktisk løype nokre stadar.
- Det må vurderast på nytt den totale belastning området «toler». Kapasitet på vegtilkomst, støy som følgje av auka bruk/stor utbygging, etablert bruk som ikkje har vore del av berekningsgrunnlag i kommunedelplanen, til dømes klatrepark, er bakgrunnen for dette.
- Kommunestyret har gjort vedtak om at ny tilkomstveg til Tverrfjellet skal utgreiast.
- Det bør vere ein overordna plan for infrastruktur (veg, vatn og kloakk) for Tverrfjellet.
- Vurdere vidare hyttebygging.

Planbehov:

Områderegulering for delar av hytteområdet nord for Stryn sentrum

Detaljregulering for bustadområde i Vikane

Kommunedelplan for Vikane er under utarbeiding. I samband med kunngjeringa av planstrategien vedtok kommunestyret at denne planen skulle følgjast opp av ein detaljregulering for eit bustadområde i Vikane, og at dette skulle takast med i planstrategien.

Planbehov:

Detaljregulering for eit bustadområde i Vikane.

Detaljregulering for gravplass ved Nedstryn kyrkje

Det er behov for å auke areal til gravplass ved Nedstryn kyrkje. Utviding av kyrkjegarden var tilrådd frå administrasjonen i samband med vedtak av kommunedelplanen for Langeset-Stryn-Storesunde, men dette vart ikkje støtta politisk. Det er difor framleis behov for ein planavklaring kor ein framtidig utviding av kyrkjegarden skal skje.

Stryn Kyrkjelege Fellesråd har kome med innspel om at det bør planleggast for utviding av gravplassane ved Nedstryn kyrkje. Det er også utfordringar med parkering ved store arrangement. Dette omsynet bør takast med i planlegginga med utviding av gravplassane.

Planbehov:

Detaljregulering for utviding av gravplass ved Nedstryn kyrkje.

Detaljregulering for avløpsrenseanlegg i Loen

Det er behov for å etablere eit renseanlegg for avløp i Loen. Dette er eit krav frå Fylkesmannen. Dette må sjåast i samanheng med kommunedelplan for avløp.

Planbehov:

Reguleringsplan som omfattar areal til avløpsrenseanlegg.

Detaljregulering for næringsområde på Langeset/Skarsmyra

I Stryn miljø- og næringspark er det avgrensa med regulert næringsareal. Det bør difor startast eit planarbeid i kommunal regi for å regulere næringsareal avsett i kommunedelplan Langeset – Stryn – Storesunde. I tillegg bør det startast eit arbeid med å leggje til rette for meir næringsareal på Langeset/Svarstad. Ein skal sjå på utviding av næringsareal ved Skarsmyra.

Planbehov:

Reguleringsplan for næringsområde på Langeset/Svarstad.

Detaljregulering for område til massedeponi

Det har vore dårleg koordinering av overskot til masse ved større vegprosjekt og behov for masse andre stadar i kommune, noko som har ført til at kommunen stadig blir utfordra på område for mellombels lagring av skotmasse. Det er og behov for eit permanent område til skrotmasse. Dette må sjåast i samanheng med ein evt. kommunedelplan for massetak og massedeponi.

Planbehov:

Detaljregulering for område til massedeponi.

Detaljregulering for gravplass ved Olden nye kyrkje

Stryn Kyrkjelege Fellesråd har kome med innspel om at det bør planleggast for utviding av gravplassane ved Olden nye kyrkje. Det er også utfordringar med parkering ved store arrangement. Dette omsynet bør takast med i planlegginga med utviding av gravplassane.

Planbehov:

Detaljregulering for utviding av gravplass ved Olden nye kyrkje.

Detaljregulering for bustadområde på Tonningkamben

Det er behov for fleire bustader kring Stryn sentrum. Nytt bustadområde på Tonningkamben er avsett i gjeldande kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde. Det er krav om reguleringsplan for området.

Planbehov:

Detaljregulering for Tonningkamben bustadområde.

Detaljregulering Hol bustadfelt

I samband med søknad om dispensasjon frå reguleringsplan på Hol ved Stryn sentrum, for oppføring av tomannsbustad på Hol vart det av sektorutvalet gjeve avslag på søknaden (5.mars 2020 – sak 019/20). I tillegg vart det gjort følgjande vedtak: «Kommunedirektøren vert pålagt å starte prosess med reguleringsendring av bustadfelt på Hol for område BFS6 og BFS5 for småhus snarast». Ein prøvar å løyse dette som ei mindre endring, men dette avheng av at det ikkje er noko konflikter.

Planbehov:

Reguleringsendring Hol bustadfelt, dersom ein ikkje kan gjere dette som ei mindre endring.

Detaljregulering for bustadområde på Storesunde

I samband med kunngjeringa av planstrategien kom det innspel på at dei ressursane som kommunen har brukt til infrastruktur (vatn, avløp og veg) på Storesunde bør følgjast opp med byggjeklare tomter. I kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde har dette området nemninga B165 og B166. Område B166 er omfatta av reguleringsplanen for Storesunde, medan B165 er ei utviding av dette området med krav om detaljregulering.

Planbehov:

Detaljregulering for bustadområde på Storesunde.

Detaljregulering for bustadområde på Solbakken (Oppstryn)

Det er behov for fleire bustader i Oppstryn. Det var lagt til fleire små og store bustadområde i kommunedelplanen for Oppstryn. Eit område, Solbakken, er truleg best eigna som eit kommunalt bustadområde då ein her må leggje til rette for infrastruktur og det er eit relativt stort område. Kommunen bør difor utarbeide reguleringsplanen for dette området.

Planbehov:

Detaljregulering for bustadområde på Solbakken.

Detaljregulering for Kvitefjell bustadfelt

Det er behov for å utvide det eksisterande bustadfeltet Kvitefjell i Loen. Det er mogleg å utvide feltet med nokre tomter nord for kommunal veg, like nord for gjeldande reguleringsplan.

Planbehov:

Reguleringsendring Kvitefjell.

5. Prioriterte planoppgåver 2020-2024

Dei prioriterte planoppgåvene for 2020-2024 er delt inn i følgjande kategoriar:

<p>1. Planarbeid der andre aktørar er ansvarleg. Kommunen bistår berre i planarbeidet. Kommunestyret skal ikkje i planstrategien å ta stilling til om desse planane skal utarbeidast.</p>
<p>2. Pågåande planar. Gjeld planar som allereie er starta opp. Kommunestyret treng i utgangspunktet ikkje å ta stilling til om desse skal utarbeidast, i og med at dei allereie er prioritert i gjeldande planstrategi eller i andre vedtak.</p>
<p>3. Planar som er tilrådd utarbeidet/revidert i denne kommunestyreperioden. Kommunestyret skal ta stilling til utarbeiding/revisjon av desse planane. Tilrådinga er basert på planbehovet, planressursane og utfordringane til kommunen.</p>
<p>4. Planar som <u>ikkje</u> er tilrådd utarbeidet/revidert i denne kommunestyreperioden. Kommunestyret skal ta stilling til utarbeiding/revisjon av desse planane. Tilrådinga er basert på planbehovet, planressursane og utfordringane til kommunen.</p>

Bakgrunnen for tilrådinga til prioriterte planoppgåver er å finne under kap. 4. Evaluering av planar. Einskilde planar er lovpålagde, andre er naudsynte i høve til tildelingar av midlar medan andre er utdaterte som styringsverktøy.

Kva for planar ein prioriterer å utarbeide i kommunestyreperioden må sjåast i samanheng med dei planressursane som kommunen har. Planbehovet har hatt ei veldig auke dei seinare åra. Sjølv om einskilde planar kan utførast av konsulentar vil dette likevel krevje planressursar av kommunen. Ein må her også sjå på kva for etat/avdeling som er ansvarleg for utarbeidinga/revisjon av planen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel/Samfunnstryggleik og beredskap			
Plannavn	Ansvarleg	Prioritering	Merknad/oppstart
Kommuneplanen sin samfunnsdel (2013-2024)	Plan og næring	Revisjon tilrådd	Oppstart 2021
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (2015)	Plan og næring	Revisjon tilrådd	Oppstart 2021
Helse- og sosialberedskapsplan	Helse og sosial	Tilrådd (ny plan)	Oppstart 2021
Kommuneplanen sin arealdel/Geografiske kommunedelplanar			
Plannavn	Ansvarleg	Prioritering	Merknad/oppstart
Kommunedelplan for Vikane	Plan og næring	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2019
Kommuneplanen sin arealdel	Plan og næring	Revisjon tilrådd	Oppstart 2021
Regionale arealplanar			
Plannavn	Ansvarleg	Prioritering	Merknad/oppstart
Kommunedelplan for Rv 15 Strynefjellet (ny plan)	Statens vegvesen	Planen blir evt. prioritert i NTP	Kommunen bistår i planarbeidet
Reguleringsplan for E39 Byrkjelo-Grodås (ny plan)	Statens vegvesen	Planen blir evt. prioritert i NTP	Kommunen bistår i planarbeidet

Tematiske kommunedelplanar			
Plannavn	Ansvarleg	Prioritering	Merknad/oppstart
Kommunedelplan for helse og sosial (ny plan)	Helse og sosial	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2019
Kommunedelplan Rusmiddelpolitisk handlingsplan (2016-2020)	Helse og sosial	Revisjon tilrådd	Oppstart 2020
Kommunedelplan for psykiatri (2007-2010)	Helse og sosial	Revisjon ikkje tilrådd	Bør innarbeidast i samfunnsdelen
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2017-2020)	Skule og kultur	Tilrådd utarbeiding av ein samla plan for kultur og idrett	Planen er starta opp i 2020 som ein samla plan (ikkje i samsvar med planstrategien for 2016-2020)
Kommunedelplan for kultur (2013-2016)	Skule og kultur		
Kommunedelplan for kulturminne (2017)	Skule og kultur	Revisjon ikkje tilrådd	Relativt ny plan
Kommunedelplan for oppvekst (2014-2024)	Skule og kultur	Revisjon ikkje tilrådd	Relativt ny plan
Kommunedelplan for vassforsyning (2011-2020)	Teknisk	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2016
Kommunedelplan for avløp og overvatn (ny plan)	Teknisk	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2019
Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle (2017-2020)	Teknisk	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2020
Kommunedelplan for massetak og massedeponi	Plan og næring	Revisjon tilrådd	Oppstart 2023
Kommunedelplan for energi og miljø (2009-2013)	Plan og næring	Revisjon ikkje tilrådd	Bør innarbeidast i samfunnsdelen
Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Strynvassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget (1999)	Plan og næring	Revisjon ikkje tilrådd	Ikkje naudsynt
Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget (2007)	Plan og næring	Revisjon ikkje tilrådd	Ikkje naudsynt

Områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar			
Plannavn	Ansvarleg	Prioritering	Merknad/oppstart
Områderegulering for Stryn sentrum	Plan og næring/ Byggesak og regulering	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2018
Detaljregulering Geilevegen	Byggesak og regulering	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2019
Reguleringsendring Dispaholmen	Byggesak og regulering	Pågåande planarbeid	Starta opp i 2020
Detaljregulering Tyva	Byggesak og regulering/Plan og næring	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2020
Reguleringsendring Vik/Arnfinnbakken	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2021
Detaljregulering av B135 i Hogane	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2021
Detaljregulering for nytt næringsområde i Strynedalen	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2021
Plan for Lodalen	Byggesak og regulering/Plan og næring	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2021
Reg.plan for å leggje til rette for cruisenæringa i Olden og Loen	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart etter at overordna plan er ferdig
Områderegulering for delar av hytteomr. nord for Stryn sentrum	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2022
Detaljregulering for bustadområde i Bø	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2022
Detaljregulering for bustadområde i Vikane	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2022
Detaljregulering for gravplass ved Nedstryn kyrkje	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2023
Detaljregulering for avløpsrensaneanlegg i Loen	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2023
Detaljregulering for næringsområde på Langeset/Skarsmyra	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2024
Detaljregulering for område til massedeponi	Byggesak og regulering	Revisjon tilrådd	Oppstart i 2024
Detaljregulering for gravplass ved Olden nye kyrkje	Byggesak og regulering	Revisjon ikkje tilrådd	
Detaljregulering Hol bustadfelt	Byggesak og regulering	Revisjon ikkje tilrådd	
Detaljregulering for bustadområde på Tonningkamben	Byggesak og regulering	Revisjon ikkje tilrådd	
Detaljregulering for bustadområde på Storesunde	Byggesak og regulering	Revisjon ikkje tilrådd	
Detaljregulering for bustadområde på Solbakken (Oppstryn)	Byggesak og regulering	Revisjon ikkje tilrådd	
Detaljregulering for Kvitefjell bustadfelt	Byggesak og regulering	Revisjon ikkje tilrådd	

